

Internrevisjonen i Helse Vest RHF

# **Nasjonal revisjon av medisinsk kodepraksis i helseføretaka**

Helse Bergen HF

Oktober 2011



# INNHOLD

Målgruppene for denne rapporten er styret og revisjonskomiteen på regionalt nivå, styra i helseføretaka, formelt ansvarlege i administrasjonen på alle nivå, og utførande fagfolk. Rapporten er eit offentleg dokument og skal vere tilgjengeleg også for media og andre interesserte. Behova varierer, men her er ei lesarrettleiing med to nivå for kor djupt rapporten kan lesast:

1. Innhaldsforteikninga, samandraget og eventuelle kommentarar frå føretaket
2. Hovudrapporten med innleiing, fakta og vurderingar, samt vedlegg

**Innhold.....3**

**Samandrag.....4**

**Rapporten.....6**

1.1	Innleiing .....	7
1.1.1	Bakgrunn for revisjonsprosjektet .....	7
1.1.2	Formål med revisjonsprosjektet (mandatet).....	7
1.1.3	Rapportstruktur.....	8
1.1.4	Prosess og metode .....	8
1.2	Resultat og vurderingar.....	11
1.2.1	Beskriving av medisinsk kodepraksis .....	11
1.2.2	Styrings- og kontrollmiljø .....	14
1.2.3	Målsettingar for medisinsk kodepraksis og risikovurderingar .....	23
1.2.4	Tiltak for å ha styring og kontroll med kodepraksis .....	24
1.2.5	Oppfølging av medisinsk kodepraksis .....	27
1.3	Konklusjon og anbefalingar .....	31

**Vedlegg .....**33

# SAMANDRAG

Internrevisjonane i dei fire helseregionane har gjennomført ein felles revisjon. Formålet med revisjonsprosjektet er å kartlegge og vurdere medisinsk kodepraksis i helseføretaka. Hensikta er å avklare om det er etablert god intern styring og kontroll som gir rimeleg sikkerheit for riktig koding. Initiativtakar til revisjonen er Helsedirektoratet.

Revisjonen er gjennomført i to fasar. Fase 1 var ei nasjonal elektronisk spørjeundersøking i alle helseføretak. Fase 2 var nærmare undersøkingar ved 9 helseføretak fordelt på alle dei fire helseregionane. I Helse Vest var det Helse Bergen og Helse Fonna.

Resultat og konklusjonar i denne delrapporten bygger på resultat frå den nasjonale spørjeundersøkinga samt revisjonen ved Helse Bergen HF. Svar på spørsmål som er stilt i undersøkinga og i intervjuet gir indikasjonar på om rutinar og regelverk vert etterlevd. For å kunne konkludere klart på faktisk etterleving av rutinar og regelverk for medisinsk koding ville det vært nødvendig å gjennomføre testing av eit representativt utval epikriser. Det har ikkje vært ein del av prosjektet sitt mandat.

Samla sett tyder vårt datamateriale frå spørjeundersøkinga og gjennomførte intervju på eit godt styrings- og kontrollmiljø i helseføretaket. Våre funn tyder klart på at dei tilsette, inklusiv leingga er opptatt av at det skal kodas medisinsk korrekt, og at det ikkje er kultur for bevisst feilkoding eller val av anna behandling for å auke refusjonsbeløpet.

Vårt datamateriale tyder likevel også på at det er sider ved dagens kodepraksis og organisering av kodearbeidet som ikkje i tilstrekkeleg grad sikrar korrekt medisinsk koding. Det vert gjennomført gode kontrollar av koding, spesielt gjennom arbeidet av seksjon for styringsdata, FoU-avdelinga. Kontrollane avdekker feil i opp til 30% av epikrisane. Dette tyder på at kvaliteten ikkje er tilfredsstillande. Vår vurdering er at viktige årsaker til den svake kodekvaliteten er manglende opplæring og stort tidspress ved kodesetting. God praksis for oppfølging og tilbakemelding til kodesettarar bidrar til at det ikkje er enda større feilfrekvens.

Totalt sett er det revisjonens vurdering at det er forhold ved kodepraksisen ved Helse Bergen HF som bør betrast. Spesielt gjelder dette opplæring av nye LIS-legar.

Våre tilrådingar kjem punktvis fram av kapittel 1.3.



# RAPPORTEN

# **1.1 INNLEIING**

## **1.1.1 BAKGRUNN FOR REVISJONSPROSJEKTET**

Dette revisjonsprosjektet kommer i stand etter initiativ frå Helsedirektoratet. Direktoratets grunngjeving for å oppmode om ein gjennomgang av kodepraksis i helseregionane, har blant anna vært risikoen for at kodinga kan bli påverka av økonomiske betraktnigar og at det kan finne stad kodeendringar som er i strid med regelverket.

I grunngjevinga heiter det også at Helsedirektoratet har hørt gjentatte påstandar om at helsepersonell er blitt pressa til å kode "økonomisk gunstig" sjølv om dette er i strid med medisinsk korrekt koding.

I møte mellom dei administrerande direktørane i regionane 14.6.2010 (sak 287-10) blei det uttrykt semje med direktoratet om at det kan være nyttig å skaffe meir informasjon om forholda rundt medisinsk koding i helseføretaka. Konsernrevisjonen i Helse Sør-Øst blei satt opp som kontaktpunkt for ein mulig gjennomføring av dette som eit internrevisjonsprosjekt.

Mandat for prosjektet blei deretter utarbeidd i eit samarbeid mellom internrevisjonane i helseregionane og drøfta med Helsedirektoratet. Prosjektet blei godkjent for igangsetting av revisjonskomiteane i alle helseregionane.

KPMG AS er engasjert for å stø med den praktiske gjennomføringa av revisjonsprosjektet. Prosjektteamet har bestått av internrevisjonane i dei regionale helseføretaka, KPMG AS og deira underleverandør Exonor AS.

## **1.1.2 FORMÅL MED REVISJONSPROSJEKTET (MANDATET)**

Formålet med revisjonsprosjektet er å kartlegge og vurdere medisinsk kodepraksis i helseføretaka.

Hensikta er å avklare om det er etablert god intern styring og kontroll som gir rimeleg sikkerheit for riktig koding.

For å oppnå formålet med internrevisjonen skal det med utgangspunkt i anerkjente rammeverk for internkontroll og risikostyring fokuserast på faktorar knytt til helseføretaka sine:

1. Styrings- og kontrollmiljø
2. Målsettingar for medisinsk kodepraksis og risikovurderingar

3. Tiltak for å ha styring og kontroll med kodepraksis
4. Oppfølging av medisinsk kodepraksis

Dei fire delområda ovanfor er brotne ned i delproblemstillingar med tilhøyrande spørsmål. Bruken av desse fire områda er dermed gjennomgripande for prosjektet og dei er også nytta for å strukturere funn og analyser i rapportane.

Ein tabell med liste over delproblemstillingar i mandatet og referansar til kor desse vert omtala i rapporten, ligg i Vedlegg 1.

### **1.1.3 RAPPORTSTRUKTUR**

Denne rapporten er delt inn i 3 hovuddelar; innleiing, resultat og vurderingar, og konklusjon og tilrådingar.

Del 1 beskriv bakgrunn for revisjonen, formålet og korleis data er henta inn.

Del 2 beskriver først korleis prosessen med medisinsk koding er ved Helse Bergen HF, deretter er resultat for kvart tema presentert. Temaa er gitt av mandatet og er presentert under formål med revisjonen. Våre vurderingar av resultata for kvart tema er presentert til slutt i kvart delkapittel.

Del 3 oppsummerar denne rapporten og gir nokre generelle tilrådingar basert på resultata og vurderingane i del 2.

### **1.1.4 PROSESS OG METODE**

Revisjonen er gjennomført i to deler med felles rapportering. Del 1 som nasjonal elektronisk spørjeundersøking. Del 2 er gjennomført som ein djupare gjennomgang av 9 utvalde helseføretak fordelt mellom alle helseregionane. Helseføretaka er valt ut av internrevisjonane i dei fire helseregionane etter innspel frå Helsedirektoratet.

<b>Tabell 1 – Helseføretak som var med i del 2 av prosjektet</b>			
<b>Helse Sør-Øst RHF</b>	<b>Helse Vest RHF</b>	<b>Helse Midt RHF</b>	<b>Helse Nord RHF</b>
Akershus Universitetssykehus HF	Helse Bergen HF	St. Olavs Hospital HF	Universitetssykehuset Nord-Norge HF
Sykehuset Telemark HF	Helse Fonna HF	Helse Nord-Trøndelag HF	Helgelandssykehuset HF
Sykehuset Østfold HF			

For ein meir detaljert gjennomgang av metodane brukt i prosjektet viser vi til Vedlegg 2. Vi kan nemne her at frå det nasjonale hovedprosjektet er det utarbeidd ein samle-rapport. Vidare ligg det føre eigne rapportar for føretaka i tabellen ovanfor.

#### **1.1.4.1 NASJONAL ELEKTRONISK SPØRJEUNDERSØKING**

Eit utval av tilsette ved Helse Bergen HF mottok 27. april invitasjon til deltaking i den nasjonale spørjeundersøkinga av medisinsk kodepraksis med svarfrist 11. mai. Utvalet blei plukka frå ein liste over tilsette med oppgåver knytt til medisinsk koding, produsert av kontaktpersonar ved helseføretaket. Deltakarane i spørjeundersøkinga svara på spørsmål tilpassa deira stillingsnivå og rolle i forhold til medisinsk koding. Utvalet er delt inn i tre grupper avhengig av stillingsnivå, vist i Tabell 2.

<b>Tabell 2 – Beskriving av gruppene i utvalet for spørjeundersøkinga</b>	
Gruppe 1	Medisinsk personell som setter medisinske kodar.
Gruppe 2	Stabspersonell som arbeider med føring eller kontroll av medisinske kodar.
Gruppe 3	Ledelse på nivå 1, 2 og 3.

Ut frå Tabell 3 går det fram at svarprosenten for Helse Bergen HF er 40 %. Dette er omtrent som landsgjennomsnittet på 41 %. Talet svar er tilstrekkelig stort for å vise tendensar og trekke konklusjonar, men under analyse av svara må det ein ta omsyn til at gjennomsnittstala kan avvike noko frå det reelle gjennomsnittet.

Resultata frå spørjeundersøkinga er berre meint å antyde tendensar ved helseføretaket og det er derfor ikkje gjennomført signifikanstesting ved samanlikning av resultat.

<b>Tabell 3 – Populasjon, utval og svarprosent for Helse Bergen HF</b>				
	Populasjon	Utval	Talet på svar	Svarprosent i forhold til utvalet
Totalt for Helse Bergen HF	1806	753	301	40 %
Gruppe 1	1162	247	138	34 %
Gruppe 2	541	240	111	46 %
Gruppe 3	103	103	52	50 %

#### **1.1.4.2 REVISJONSBESØK VED HELSE BERGEN HF**

Revisjonsbesøket blei gjennomført i løpet av to dagar, 16. og 17. juni 2011. Frå prosjektgruppa deltok Bård Humberset (internrevisjonen i Helse Vest RHF), Sven Richard Tønnessen (KPMG AS) og Sturla Rising (Exonor AS).

I løpet av dei to dagane blei det gjennomført eit arbeidsmøte med kartlegging av kodeprosessen ved helseføretaket, gruppeintervju med personell i stillingsnivå frå LIS-legar til klinikksjefar og ein samtale med administrerande direktør Stener Kvinnslund og fagdirektør Alf-Henrik Andreassen.

Arbeidsmøtet blei helde med nøkkelpersonell innan kodearbeidet. Eit generelt prosesskart blei brukt som utgangspunkt (Figur 1 i Vedlegg 2). Dette blei tilpasset lokale variasjonar ved helseføretaket. Vidare blei det kartlagt prosesser, rutinar, verktøy og system i bruk gjennom prosessen, samt risikofaktorar som kan medføre feilaktig kodding. Prosesskartet for Helse Bergen HF er omtala i kapittel 1.2.1.

Gruppeintervjua blei gjennomført semi-strukturert med utgangspunkt i ein intervju-guide tilpassa for kvart stillingsnivå. Spørsmål er utarbeidd for å sikre heilskap og samanlikningsgrunnlag på tvers av stillingsnivå og helseføretak.

#### **1.1.4.3 DOKUMENTANALYSE**

---

I samband med revisjonen blei det førespurt dokumentasjon av prosesser og rutinar ved helseføretaket. (Liste over førespurte dokumenter i vedlegg 4.) Dokumentasjonen blei gjennomgått og dannar saman med resultata frå spørjeundersøkinga, arbeidsmøtet og intervjua grunnlaget for diskusjonar og vurderingar i denne rapporten.

# 1.2 RESULTAT OG VURDERINGAR

## 1.2.1 BESKRIVING AV MEDISINSK KODEPRAKSIS

I Figur 1 på side 13 er prosessen for medisinsk koding ved Helse Bergen HF illustrert ved eit prosesskart. Prosesskartet kompletterer dette kapitelet med å beskrive korleis kodepraksisen er organisert ved Helse Bergen HF.

Den øvste bana i prosesskartet viser informasjonsflyt og kodesetting. Banane nedanfor viser verktøy og system som nyttast i kodearbeidet. Nedst har vi beskrive risikofaktorar knytt til medisinsk koding ved Helse Bergen HF som blei identifisert i arbeidsmøtet. Det varierer noko på tvers av avdelingar korleis dette gjennomføres, i figuren er prosessen skissert i ein generell form.

---

### MOTTAK OG INNLEGGING/POLIKLINIKK

Prosessflyten startar med intern eller ekstern tilvising av pasient. Pasienten vil deretter enten bli tilvist vidare til vurdering eller avvist/sendt tilbake til fastlege/tilvisande lege. Dersom pasienten tilvisas til vidare behandling er dette snakk om enten ei innlegging eller tilvising til poliklinisk behandling. Øyeblikkeleg hjelp-pasientar vert lagt direkte inn, eller sendes heim etter poliklinisk vurdering / behandling.

---

### BEHANDLING, DIAGNOSTIKK OG KODESETTING

Pasienten vil etter innlegging bli undersøkt og diagnostisert. Behandlande lege dikterer epikrise og kodar som seinare blir puncha inn i IT-systemet av helsesekretærar ved dokumentasjonsavdelinga. Ved poliklinisk behandling legg legen sjølv inn kodar i DIPS. Ved prosedyrar gjennomført på røntgen sendes manuelle lister med prosedyrekoder til den respektive avdelinga som sidan blir lagt inn i DIPS.

---

### KODEKONTROLL PÅ EININGSNIVÅ OG SENTRALT

For turnuskandidatar og LIS-legar skal epikrisa kontrasignerast av overlege. Generelt skal alle epikrisane skrivne at desse gruppene kontrasignerast, men nokon erfarte LIS-legar kan skrive epikriser utan kontrasignering. Dersom det ved kontrasignering vert oppdaga feil ved epikrisa / kodinga er det i praksis overlegen som gjer endringane og gir tilbakemelding til legen som opphavleg sette koden.

Kvar avdeling skal ha ein kodeansvarlig lege og kodekontrollørar. Kodeansvarleg lege er ansvarleg for kontroll og oppfølging av kodepraksis i avdelinga. Kodekontrollere skal lese gjennom epikrisane og gi tilbakemelding til forfattar av epikrisa om dei har forslag til endringar. Frekvensen av denne kontrollen varierer stort mellom avdelingar.

Sentralkontroll blir gjennomført av seksjon for styringsdata, FoU-avdelinga. Denne seksjonen mottar og tilbakemelding frå NPR på manglar og feil i rapporterte data.. Sentralkontrollen gir tilbakemelding til avdelinga der feil vert oppdaga.

I tillegg til sentralkontrollen gjennomføres internrevisjonar av eit utval epikriser av ein erfaren klinikar ved seksjon for styringsdata. Ved desse revisjonane plukkar ein eit utval epikriser frå ein avdeling og gjennomgår dei nøye. Desse revisjonane har avdekkat feil i inntil 30 % av epikrisane.

Meir om kodekontroll i avsnitt 1.2.4.2.

#### IT-SYSTEM OG VERKTØY

---

I tillegg til DIPS som er omtalt under "Behandling, diagnostikk og kodesetting" og utdypa i kapittel 1.2.2.3 er ei rekke ulike IT-løysingar i bruk ved føretaket. Operasjonsprogrammet Orbit er integrert med DIPS og prosedyrekoder tilknytta operasjonar blir direkte overført DIPS. Eigne system for LAB og RIS samt fødesystemet manglar alle integrasjon mot DIPS. Dette medfører behov for manuell overføring av kodar frå disse systema til DIPS.


I sentralkontrollen utført av seksjon for styringsdata nyttast NIMES til å analysere nøkkeltal og generere rapporter.

#### RISIKOFAKTORAR IDENTIFISERT I ARBEIDSMØTET

---

- Mangel på tid til å finne korrekt kode, spesielt på poliklinikk.
- Mangel på kunnskap og motivasjon til koding hos legar.
- Risiko for underrapportering ved poliklinikk grunna vanskeleg system for refusjon.
- Risiko for at hyppige nye regler for koding ikkje blir oppfatta i føretaket.
- Risiko for at ikkje alle kodar blir overført til DIPS frå andre IT-system.
- Risiko for at kodar registrert i ORBIT ikkje blir overført til DIPS eller blir overført til feil opphald.

**Figur 1 – Prosesskart for Helse Bergen HF**



## **1.2.2 STYRINGS- OG KONTROLLMILJØ**

### **1.2.2.1 ROLLER, ANSVAR OG ORGANISERING**

Det overordna ansvaret for medisinsk koding ved Helse Bergen HF ligg hos administrerande direktør. Hovudansvaret for å følge opp kodepraksisen ligg hos seksjon for styringsdata, FoU-avdelinga. Dei skal kvalitetssikre kodinga, lage rutinar for oppfølging og kontroll, samt drive informasjonsflyt og opplæring i føretaket. Kvar avdeling har ein kodeansvarlig lege som er ansvarlig for kodepraksis i sin respektive avdeling.

Føretaket har oppretta ei ressursgruppe for kode- og registreringspraksis. Den har representantar frå seksjon for styringsdata samt kodeansvarlege legar. Gruppa rapporterer til fagdirektør og økonomidirektør og har som mynde til å ta avgjerder på føretaksnivå i spørsmål som gjeld kode- og registreringskvalitet i Helse Bergen HF. I intervjuet kjem det fram at denne gruppa har fungert godt sidan den blei oppretta, men ikkje like godt i den siste tida utan at dette blei utdjupa ytterligare.

LIS-legar og turnuslegar har ansvar for å forfatte epikriser og sette tilhøyrande medisinske kodar. Etter innføringa av DIPS er også inntasting av kodane i IT-systemet ein del av deira rolle i kodepraksisen. Ut frå intervjuet blei det gitt inntrykk av at det ennå ikkje er praksis for legane å legge kodane direkte inn i DIPS anna enn på poliklinikken.

Visse overlegar med lang erfaring er ansvarlege for kontrasignering av epikrisane og kodane satt av underordna legar. Hovudregelen er at det alltid skal kontrasignerast på epikrisar og kodar satt av turnuslegar og LIS-legar. Likevel er ein del erfarte LIS-legar unntatt frå dette.

Mange helsesekretærar ved føretaket er samla i ein felles dokumentasjonsavdeling. Deira rolle er å føre opplysninga i DIPS samt kontrollere samsvar mellom diktat frå legane, epikrisar og kodar. Det finst også eigne kodesekretærar tilknytta avdelingane. Deira rolle er å gå gjennom og kontrollere epikriser og kodar, gjerne i samarbeid med kodeansvarleg lege ved avdelinga.

Ut frå intervjuet går det fram at dei tilsette stort sett er bevisst på sin rolle og ansvar, men at det ikkje alltid fungerar slik i praksis. Dette synet blei spesielt uttrykt av LIS-legane. Også kodesekretærar opplever at deira rolle og arbeidsoppgåver kan oppfattast som uklarer.

Sjå dessutan beskriving av arbeidsrutinar og nøkkelkontollar i kapittel 1.2.4.

## **1.2.2.2 OPPLÆRING OG KRAV TIL KOMPETANSE**

---

Det er ikkje opparbeida formelle krav til opplæring eller kunnskap ved helseføretaket. Derimot er det forventningar om at dei tilsette tileigner seg kunnskapen som trengs for å utføre sine arbeidsoppgåver knytt til kodepraksisen.

### **OPPLÆRING**

---

Dei tilsette fekk i spørjeundersøkinga spørsmål om dei har fått formell opplæring (på kurs, avdelingsmøter eller ein-til-ein opplæring) i medisinsk koding det siste året. 31 % av dei tilsette som sjølv setter kodar svarte at dei har fått slik opplæring. Til samanlikning er det på landsbasis 29 % av dei som sjølv setter kodar som gir opp at dei har fått slik opplæring.

I intervjuet kjem det fram at opplæring stort sett går føre seg uformelt gjennom at legane lærer gjennom utføring av arbeidsoppgåvene. "Mester-svenn-prinsippet" er tatt i bruk og nokre avdelingar har eit mentor/fadder-program for nye LIS-legar. Det vert oppmoda om å bruke sin fadder aktivt ved koding. Overlegar som kontrasignerer gir også uformell opplæring til underordna legar ved å gi tilbakemeldingar dersom opphavlege kodar ikkje blir godkjende. Nye LIS-legar deltar i eit 4 vekers introduksjonsprogram. Her er det ingen spesiell undervisning i koding, men dei får ei oppmoding om å sette seg inn i kodeverktøy tidleg.

Vi får opplyst at turnuskandidatar har opplæring i koding som ein del av sitt oppstartsprogram.

I fjar blei dei som jobbar som kodesekretærar tilbudd å delta på Nirvaco-kurs. Dei fortalte i intervjuet at dei var veldig nøgde med dette kurset og ynskjer å delta oftare på liknande kurs. Fleire av dei hadde jobba fleire år med kodekontroll utan å ha vært på liknande kurs.


Det finst eit tilgjengeleg e-læringskurs som omhandlar medisinsk koding. Kontorpersonell og LIS-legar oppfordrast til å gjennomføre dette kurset. Det opplysast om at det er svært få som har gjennomført kurset. Ein årsak til dette kan være at kurset ikkje er obligatorisk.

Dersom ei avdeling har behov for meir opplæring tilbyr seksjon for styringsdata avdelingane dette. Denne opplæringa skjer altså på bestilling. I intervjuet kjem det fram at denne opplæringa har blitt godt motteke der den har vore gjennomført. Seksjon for styringsdata uttrykker at dei meiner at fleire avdelingar burde nytta seg av dette tilbodet oftare.

Seksjon for styringsdata har opplevd at legane og anna helsepersonell verker interesserte og engasjerte under kursa, men at dei i ein travel kvardag ikkje makter å prioritere å følgje opp tilegna kunnskap.

Generelt oppgir dei som blei intervjuet at dei opplever at det trengs meir opplæring for å oppnå god kodekvalitet. Spesielt blir det uttrykt eit ønske om betre opplæring av nye LIS-legar samt systematisk opplæring over tid, gjerne med halvårlege kurs for alle grupper.

Spørjeundersøkinga underbygger inntrykka frå intervjuet. Ut frå Figur 2 og Tabell 4 går det fram at 33 % av turnuslegar og 55 % av LIS-legar oppgir at de ikkje har fått tilstrekkeleg opplæring i medisinsk kodebruk (skår 3 eller lågare). Blant overlegar og kontrollpersonell er opplevd grad av opplæring ikkje særlig betre, høvesvis 50 % og 57 % opplever at de ikkje har fått tilstrekkeleg opplæring. Resultata for alle gruppene er dårligare enn landsgjennomsnittet.




**Tabell 4 – "Jeg har fått tilstrekkelig opplæring i medisinsk kodebruk"**

	1	2	3	4	5	6	Svar
<b>Helse Bergen HF</b>							
Administrativt personale som arbeider med kontroll av medisinsk koding	14 %	0 %	43 %	14 %	29 %	14 %	7
Avdelingsoverlege / seksjonsoverlege/ overlege	3 %	16 %	31 %	24 %	20 %	6 %	66
LIS-lege/annen assistentlege	14 %	18 %	24 %	27 %	10 %	8 %	56
Turnuslege	0 %	17 %	17 %	67 %	0 %	0 %	6
<b>Nasjonalt</b>							
Administrativt personale som arbeider med kontroll av medisinsk koding	3 %	7 %	9 %	13 %	36 %	31 %	108
Avdelingsoverlege/ seksjonsoverlege/ overlege	6 %	13 %	20 %	23 %	25 %	12 %	793
LIS-lege/ annen assistentlege	9 %	17 %	23 %	27 %	16 %	8 %	491
Turnuslege	7 %	11 %	22 %	34 %	19 %	8 %	101

## KJENNSKAP TIL KODERETTLEIINGA FRÅ HELSEDIREKTORATET/KITH

Koderettleiinga frå Helsedirektoratet/KITH er sentral kjelde til opplysningar om riktig medisinsk koding. Derfor er alle deltakarar i spørjeundersøkinga spurt om i kva grad dei har kjennskap til det innhaldet i rettleiaren som er relevant for deira stilling.



**Tabell 5 – I hvilken grad kjenner du til innholdet i kodeveiledningen som er relevant for din stilling?**

	1	2	3	4	5	6	Svar
<b>Helse Bergen HF</b>							
Avdelingsoverlege/seksjonsoverlege/overlege	6 %	16 %	30 %	22 %	23 %	3 %	68
LIS-lege/annen assistentlege	12 %	24 %	41 %	12 %	8 %	4 %	59
Helsesekretær eller annet administrativt personell som arbeider med føring av pasientopplysninger i PAS/EPJ	37 %	22 %	18 %	16 %	7 %	0 %	73
Administrativt personale som arbeider med kontroll av medisinsk koding	0 %	13 %	25 %	25 %	25 %	12 %	8
<b>Nasjonalt</b>							
Avdelingsoverlege/seksjonsoverlege/overlege	7 %	16 %	23 %	25 %	23 %	6 %	785
LIS-lege/annen assistentlege	14 %	27 %	29 %	22 %	8 %	1 %	480
Helsesekretær eller annet administrativt personell som arbeider med føring av pasientopplysninger i PAS/EPJ	29 %	22 %	23 %	16 %	8 %	2 %	941
Administrativt personale som arbeider med kontroll av medisinsk koding	2 %	10 %	8 %	21 %	33 %	25 %	117

Ut frå Figur 3 og Tabell 5 går det fram at dei tilsette oppgir låg kjennskap til dei deler av koderettleiaren som er relevant for deira stilling. Resultata for Helse Bergen HF er noko dårlagare enn landsgjennomsnittet.

### **1.2.2.3 PRAKTISK GJENNOMFØRING AV PROSESS FOR KODING**

I denne delen av rapporten omtaler vi forhold knytt til den praktiske gjennomføringa av medisinsk koding ved Helse Bergen HF. Oppleving av arbeidsforhold, hjelpeverktøy, regelverk og IT-system vert omtala i tillegg til dei tilsette si oppfatting av eigen kodepraksis.

#### **OPPLEVING AV REGELVERKET FOR MEDISINSK KODING**

I spørjeundersøkinga blei respondentane bedt om å vurdere påstanden "Regelverket for medisinsk koding er oversiktlig og enkelt å forholde seg til" på ein skala frå 1 til 6 der 1 er "Helt uenig" og 6 er "Helt enig". Resultata er vist i Tabell 6.

<b>Tabell 6 – Oppleving av regelverket for medisinsk koding<sup>1</sup></b>			
Fordeling av svar på påstanden "Regelverket for medisinsk koding er oversiktlig og enkelt å forholde seg til."			
	<b>Uenig (1 eller 2)</b>	<b>Usikker (3 eller 4)</b>	<b>Enig (5 eller 6)</b>
<b>Helse Bergen HF</b>	49 %	44 %	7 %
<b>Nasjonalt resultat</b>	41 %	45 %	13 %

I intervjua kjem det også fram at regelverket opplevast som komplisert og vanskeleg å forholda seg til. Spesielt blir det snakket om visse regler som verker ulogiske. Seksjon for styringsdata fortel at ISF-regelverket og koderettleiinga ikkje alltid harmonerer. Dette medfører at det er vanskelig å bruke korrekte kodar og det kan tære på motivasjonen hos dei som kodar.

Kodesekretærane som har vore på Nirvaco-kurs opplever grunnlaget i regelverket som greitt, men oppgir eksemplar på tilfeller som er ulogiske og kompliserte. Spesielt er det vanskelig å forklare disse reglene til legar som ikkje har like god kjennskap til regelverket og koderettleiinga.

LIS-legar oppgir at dei ikkje har kjennskap til regelverket eller koderettleiinga.

#### **OPPLEVING AV IT-SYSTEM BRUKT TIL KODING**

LIS-legane oppgir overgang til DIPS som ein kompliserande faktor i forhold til koding. Men dei oppgir også funksjoner som "Ctrl-M-bildet" (søkefunksjon) som forbetringer frå det gamle systemet. Ein LIS-lege med erfaring i DIPS frå eit anna føretak seier at DIPS fungerer veldig bra når ein blir vant til å bruke det.

Overlegar synest det er bra at FinnKode nå er integrert i DIPS. Men visse ting er veldig komplisert. Det blir oppgitt at skjermbildet det kodes i er veldig forvirrande då det er

<sup>1</sup> Respondenter som har svart "Vet ikke" er trukket frå før utregning.

veldig mange opne rubrikkar, men få av dei skal brukast. Dette medfører mye unødvendig tidsbruk.

Kodesekretærane beskriver DIPS som ulogisk og lite intuitivt, men ikkje så ille at det går ut over kodekvaliteten.

Seksjon for styringsdata bruker NIMES i sitt arbeid, eit IT-system de er godt fornøyde med. Rapportane som genererast gir god muligkeit til å følgje med på kodinga og disse rapportane brukast også ved avdelingane. Det vert uttrykt bekymring over manglande integrasjon mellom DIPS og andre system, noko som medfører risiko for at kodar som settes i andre system ikkje overførast til DIPS. Dette gjeld blant anna fødesystemet Natus som er eit av systema som ikkje er integrert med DIPS.

Operasjonssystemet Orbit er derimot integrert med DIPS og kodar overføres automatiskt. Her er det risiko for at kodar ikkje blir overført dersom operasjonane ikkje blir signert, og risiko for at kodane vert overført til feil opphald.

#### **BRUK AV HJELPEVERKTØY**

---

Blant tilsette som sjølv setter medisinske kodar oppgir 84 % at deira avdeling har kortlister over dei mest brukte kodane/prosedyrene ved avdelinga. Det kjem fram av intervjuat kortlistene som nyttast er nyttige for å minske tidsbruken som går med til koding. På spørsmål om kor hyppig kodesettarar bruker ulike hjelpeverktøy dersom dei er usikre oppgir 48 % skår 5 eller 6 på at dei bruker eigenproduserte kortlister og 10 % at dei bruker kortlister frå kommersielle aktørar. Skalaen på spørsmålet går frå 1 som er "aldri" til 6 som er "alltid".

Andre hjelpeverktøy som blir hyppig brukte vert oppgitt i spørjeundersøkinga og intervjuat til å være FinnKode frå KITH, samt meir erfarte kollegaer.

#### **TID TIL KODING**


---

Eit fleirtal av LIS-legar ved føretaket oppgir i spørjeundersøkinga at dei ikkje har tilstrekkelig tid til å finne/sette riktig medisinsk kode. 76 % oppgir skår 3 eller lågare på spørsmålet. Tilsvarande tal for overlegar er 81 %. Begge desse gruppene oppgir langt därlegare resultat enn det nasjonale gjennomsnittet (Tabell 7).

**Figur 4 – Tid til å finne/sette riktig medisinsk kode**

**Jeg opplever at jeg har tilstrekkelig tid til å finne/sette riktig medisinsk kode**

1 = Helt uenig og 6 = Helt enig  
Filter = koder selv

**Tabell 7 – Tid til å finne/sette riktig medisinsk kode**

	<b>1</b>	<b>2</b>	<b>3</b>	<b>4</b>	<b>5</b>	<b>6</b>	<b>Svar</b>
<b>Helse Bergen HF</b>							
Avdelingsoverlege/seksjonsoverlege / overlege	36 %	33 %	13 %	14 %	2 %	2 %	64
LIS-lege/annen assistentlege	45 %	22 %	10 %	8 %	10 %	6 %	51
<b>Nasjonalt</b>							
Avdelingsoverlege/seksjonsoverlege / overlege	19 %	25 %	19 %	17 %	12 %	8 %	776
LIS-lege/annen assistentlege	22 %	26 %	19 %	16 %	11 %	6 %	479

At mangel på tid er eit problem i forhold til kodesetting vert også stadfesta gjennom intervjuet. Spesielt er det i samband med poliklinisk behandling at denne problematikken gjer seg gjeldande.


#### ANDRE FORHOLD FRÅ INTERVJUA

LIS-legar fortel at det ikkje vert opplevd som om dei overordna ved føretaket har ein komplett oversikt over korleis det skal kodast. Dei opplever det som frustrerande at forskjellige overleggar har ulik praksis på kva kodar som skal være med og kva som ikkje skal være med.

Datamaskinane som er tilgjengelege til koding på poliklinikken vert opplevd som treige og bidrar til ytterligare tidsbruk.

## TRYGGLEIK VED EIGEN KODING

Legane ved Helse Bergen HF oppgir at dei er mindre trygge ved egen koding enn landsgjennomsnittet (Tabell 8). 41 % av overlegar oppgir skår 5 eller 6 på påstanden og 39 % av LIS-legar gjer det same. Det vil si at ca 60% av legane ved føretake er usikre eller lite trygge på eigen kodebruk.



**Tabell 8 – Tryggleik ved eigen koding<sup>2</sup>**

Fordeling av svar på påstanden "Jeg er trygg på at jeg bruker riktige medisinske koder."

	Uenig (1 eller 2)	Usikker (3 eller 4)	Enig (5 eller 6)	Svar
<b>Helse Bergen HF</b>				
Avdelingsoverlege/seksjonsoverlege/overlege	10 %	49 %	41 %	63
LIS-lege/annen assistentlege	20 %	41 %	39 %	51
<b>Nasjonalt resultat</b>				
Avdelingsoverlege/ seksjonsoverlege/overlege	7 %	35 %	58 %	777
LIS-lege/annen assistentlege	10 %	48 %	42 %	477

Dei som oppgir i spørjeundersøkinga at dei er medlemmer av ei analysegruppe ved Helse Bergen HF gir også uttrykk for at dei er usikre på om det medisinske personalet ved føretaket har god kodekompetanse. Blant de 30 som inngår i denne gruppa oppgir 9 (30%) at dei er einige (skår 5 eller 6 i same skala som spørsmålet over) i påstanden "Kodekompetansen blant det medisinske personalet som setter kodar i mitt HF er god", mens 18 (60%) oppgir at dei er usikre (skår 3 eller 4) og 3 (10%) er ueinige. På same spørsmål er 37 % einige, 56 % usikre og 7 % ueinige på landsbasis.

<sup>2</sup> Dei som har svara "Vet ikke" er trukket frå før utrekning

#### **1.2.2.4 SAMLA VURDERING AV STYRINGS- OG KONTROLLMILJØ**

---

Vårt inntrykk er at organiseringa av kodepraksisen ved helseføretaket er hensiktsmessig. Det synest spesielt positivt at seksjon for styringsdata har ei tydelig rolle i kodepraksisen med definerte ansvarsområde. Gjennom intervjua fikk vi inntrykk av at denne seksjonen gjer ein viktig jobb i å sikre god kodepraksis i eit stort helseføretak.

Det er også positivt at det er oppretta ei ressursgruppe for kodepraksis. Det blei nemnt at denne gruppa ikkje fungerer like godt no som tidlegare, dette verker uheldig då vårt inntrykk er at også denne gruppa bidrog til kvalitetssikring av kodepraksis.

Vår vurdering er at dei største risikoområda for feilkoding er manglande tid til koding, og manglande kodekunnskap hos legane. Det siste er truleg eit resultat av manglande opplæring.

Det er liten grad av formell opplæring hos legar, og denne synest ikkje tilstrekkeleg til å sikre god kodekompetanse hos dei som opphavlig setter kodane. Det gis ikkje opplæring i kodepraksis under introduksjonsprogrammet til LIS-legar. Manglande opplæring er tydelig uttrykt i spørjeundersøkinga og ble nemnt i alle intervjua som ein hovudårsak og risiko for feilkoding.

Det finst ein e-læringsmodul i medisinsk koding, men den er gjennomført av veldig få. Vi ser på e-læringsprogrammet som ein moglegheit og som ein unytta ressurs, i forbindelse med opplæring.

Kodesekretærar og andre som har vore på Nirvaco-kurs er fornøyde med opplæringa, men saknar oppfriskningskurs. Vi meiner at det er viktig at dei som skal arbeide med kodekontroll eller har spesielt kodeansvar får kursing tilsvarande Nirvaco og at dei har mulighet til å delta på oppfriskningskurs.

Alle gruppene oppgir i spørjeundersøkinga at dei har dårlig kjennskap til koderettleia- ren. Vi meiner at dette bidrar til stor risiko for feilkoding og har samanheng med manglande opplæring.

Vi har også observert at det er ueinsarta praksis på tvers av avdelingar i føretaket. Dette meiner vi medfører risiko for at det kodes ulikt ved ulike avdelingar og at dette resulterer at kodinga ikkje gir korrekt bilde av aktivitetane ved føretaket.

For konkrete anbefalingar, sjå kapittel 1.3.

## **1.2.3 MÅLSETTINGAR FOR MEDISINSK KODEPRAKSIS OG RISIKOVURDERINGAR**

### **1.2.3.1 BESKRIVING**

Vi har ikke fått opplysingar om formelle målsetjingar for medisinsk kodepraksis ved Helse Bergen HF.

I spørjeundersøkinga blei "Riktigst mulig medisinsk dokumentasjon" oppgitt som mål for arbeidet med medisinsk koding.

Vi er heller ikke opplyst om det er gjennomført risikovurderingar ved føretaket.

### **1.2.3.2 SAMLA VURDERING AV MÅLSETTINGAR OG RISIKOVURDERINGAR**

Manglande målsettingar for kodearbeidet kan medføre risiko for at kodearbeidet ikkje vert prioritert og at ein kan miste kontroll og oversikt over retninga til kodearbeidet ved føretaket.

At det ikke er gjennomført risikovurderingar av medisinsk kodepraksis ved føretaket, kan innebere at ikke alle vesentlige risikoar på området vert identifiserte, og at det derfor ikke blir satt i verk nødvendige kontrolltiltak og andre tilpassingar for å redusere risikoen for bevisst og ubevisst feilkoding.

Vår samla vurdering av området mål- og risikovurderingar er at det er forhold som bør forbetrast. Dette gjelder spesielt for området risikovurderingar. For konkrete anbefalingar, sjå kapittel 3.

## **1.2.4 TILTAK FOR Å HA STYRING OG KONTROLL MED KODEPRAKSIS**

### **1.2.4.1 ARBEIDSROUTINAR**

I forbindelse med dokumentførespurnaden er det ikkje oversendt nedskrivne arbeidsrutinar i bruk ved helseføretaket unntatt eit dokument som beskriver oppgåvene til seksjon for styringsdata, FoU-avdelinga.

Dei tilsette oppgir i intervjuet at dei ikkje er kjent med at det finst nedskrivne arbeidsrutinar, men at det finst uformelle rutinar slik beskrive i kapittel 1.2.2.1.

### **1.2.4.2 NØKKELKONTOLLAR KNYTT TIL KODEARBEIDET**

Prosessene for kodekontroll ved Helse Bergen HF er beskrevne i kapittel 1.2.1. Her vil det utdjupast korleis dei ulike kontrollane fungerar og det blir diskutert resultat frå kontrollane.

Helse Bergen HF nyttar ulike former for kontroll<sup>3</sup>:

- Overlegar som kontrasignerar epikrisar og kodar skrevet av assistentlegar.
- Helsesekretærar som kontrollerer samsvar mellom journal, epikrise og kodar.
- Avdelingsvis kodekontroll utført av kodesekretærar.
- Sentral kontrollfunksjon utført av seksjon for styringsdata, FoU-avdelinga.
- Same seksjon utførar og tilleggskontollar av epikrisar frå utvalde avdelingar.
- Gjennomgang av tilbakemeldingar frå NPR.

Hovudregelen er at alle epikrisar skrivne av turnuslegar eller LIS-legar skal kontrasignerast av overlege. Gjennom intervjuet blei det fortalt at det er ulikt i kva grad kontrasignering gjennomførast. Til dømes er det kontrasignering på alle ikkje-spesialistar ved kvinneklinikken, mens dei på barneklinikken ikkje praktiserar kontrasignering. Etter ein LIS-lege blir vurdert som tilstrekkeleg erfaren treng ikkje legen å bli kontrasignert. Det går ikkje fram av intervjuet kor hyppig det ble oppdaga feil gjennom denne kontrollen.

Når epikrisane skal skrives og kodane punchast på grunnlag av leganes dikteringar, skjer dette av helsesekretærar ved dokumentasjonsavdelinga. Dette er ikkje eit formelt kontrollorgan, men det hender at helsesekretærane oppdagar feil som mangl på samsvar mellom epikrise og kodar. Dersom dette førekjem vil legen bli konsultert og kodar eventuelt retta.


---

<sup>3</sup> Føretaket gjer og merksam på enkelte andre kontroller, blant anna kontroll av røntgenkodar, organdonasjonar, respirator, trakeostomi, biologiske legemidlar (H-resept).

Alle avdelingarskal ha eigne kodekontrollørar. Det kan være helsesekretærar med kodekompetanse, erfarte legar eller overlegar. Ut frå intervjua framkjem det stor variasjon i kor stor del av epikrisane som vert kontrollert. Denne variasjonen skyldes i følgje intervjua manglande rutinar og utsynlig arbeidsfordeling.

Resterande kontroller gjennomførast av seksjon for styringsdata, FoU-avdelinga. Seksjonen gjennomfører kontinuerlig kontroll av kodepraksis. Dei kontrollerar koding før NPR-rapportering. Denne kontrollen baserer seg på rapporter frå Nimes.

Seksjonen gjennomfører også tilleggskontrollar der eit utval epikrisar frå ein velt avdeling gås nøye gjennom. Enkelte av disse kontrollane blir gjennomført etter initiativ frå avdelingane sjølve. Intervjua avdekkja at i disse kontrollane finn dei feil i opp til 30 % av epikrisane. Det er spesielt fokus på om det er indikasjonar på bevisst feilkoding. Det førekjem sjeldan at dei finn dette. Tilbakemeldinga på dette har vore svært bra og avdelingane har opplevd betre resultat.




I spørjeundersøkinga blei kontrollpersonale og helsesekretærar spurta om kor ofte dei oppdagar medisinsk feilkoding. Det går fram av Figur 6 at feilkoding oppdagast hyppig av kontrollpersonell. Også helsesekretærar oppdagar feilkoding hyppig til tross for at dei sjeldan har ein direkte kontrollfunksjon.

Det går fram av intervjua at endring av kodar alltid skal skje etter godkjenning frå lege som opphavlig satt koda. Dette bekreftast av spørjeundersøkinga der det vert sagt at brot på dette førekjem svært sjeldan (Figur 7). I intervjua ble det opplyst om at når det førekjem retting utan konsultasjon av lege er dette i tilfeller som openbare skrivefeil eller liknande.

**Figur 7 – Retting av kodar utan konsultasjon av lege**

Jeg har det siste året fått kjennskap til at ikke-medisinsk personale retter koder som er satt av leger/annet helsepersonell uten å ha konsultert den aktuelle legen/helsepersonellet først



I intervjuet blei dei tilsette spurt om dei synst mengda av kontroll er tilstrekkeleg. Dei fleste meiner at det burde vere meir kontroll sidan dei kontrollane som er avdekker store mengder med feil. Helsesekretærane påpeiker at det også er viktig å fokusere på opplæring av legar for å redusere feilmengda og dermed også kontrollbehovet.

#### **1.2.4.3 SAMLA VURDERING AV TILTAK FOR Å HA STYRING OG KONTROLL MED KODEPRAKSIS**

Arbeidsrutinar synest ikkje tilfredsstillande. I 1.2.2.1 nemnes det at dei tilsette til tider opplever si rolle og arbeidsoppgåver som uklare. Dette kan ein unngå ved gode skriftlige arbeidsrutinar.

Det verker som om kontrollfunksjonane frå seksjon for styringsdata, FoU-avdelinga fungerer veldig godt og bidrar til god kodepraksis. Vi meiner at ein sterkt sentral kontroll er viktig for eit sjukehus i størrelsesordenen som Haukeland. Gjennom kontrollane blir det avdekka feil i opp til 30% av epikrisane. Dette viser at kodekvaliteten er for dårlig når kodane opphavleg blir satt. Vår vurdering er at kontrollfunksjonane er hensiktsmessige, men ikkje tilstrekkelige gitt mengda med feil som blir avdekka.

Vår samla vurdering av tiltak for å ha styring og kontroll med kodepraksisen er at det er forhold som bør forbetra. Sjå kapittel 1.3 for konkrete anbefalingar.

## **1.2.5 OPPFØLGING AV MEDISINSK KODEPRAKSIS**

Med oppfølging av medisinsk kodepraksis meiner vi leiinga si oppfølging av dei tilsette i samband med kodesetting og -kontroll inkludert tilbakemeldingar, informasjonsflyt og kommunikasjon av haldningar til kodepraksisen. Det diskuterast også kodekontrollørar si oppfølging av kodesettarar. Konsekvensar av oppfølginga vil også bli behandla, då i form av dei tilsette si oppfatting av leiingas haldningar og tryggleik ved varsling av feilkoding.

### **1.2.5.1 PROSEDYRAR FOR OPPFØLGING**

Seksjon for styringsdata, FoU-avdelinga er ansvarlig for oppfølging av kodepraksis ved Helse Bergen HF. Konkrete oppgåver i forbindelse med oppfølging er omtala i dokumentet "Kvalitetssikring av medisinsk koding i Helse Bergen" datert 10.06.2011. Dokumentet inneholder 12 punkt som beskriv spesifikke ansvarsområde.

I tillegg finst det uformelle rutinar for oppfølging. Til dømes i form av at LIS-legar får tilbakemelding frå kontrasignerande lege. Tilbakemeldingar og oppfølging etter kontroll av kodekontrollørar og seksjon for styringsdata er også godt innarbeidd.

### **1.2.5.2 OPPFØLGING I PRAKSIS**

#### **OPPFØLGING ETTER KONTROLL**

Dersom ein overlege finn kodefeil i forbindelse med kontrasignering skal han rette koda og gi tilbakemelding til legen som sette koda opphavlig. Det blei opplyst i intervjuet at dette er godt innarbeida og skjer i stor grad. LIS-legen fortalte at dei opplevde hyppige tilbakemeldingar, men at dei til tider kunne være ustukturerte. Også ved avdekking av kodefeil i den avdelingsvise kontrollen blir legen som opphavlig sette kodane gitt tilbakemelding for å sikre at legen lærer kva som var feil.

Kontrollane gjennomført av seksjon for styringsdata resulterer i avdelingsvis tilbakemelding. Denne tilbakemeldinga dannar grunnlag for samtaler med legane det gjeld, og ved systematiske feil blir det tatt opp på avdelingsmøter.

Til dømes ble det opplyst i intervjuet av kvinneklinikken har systematisk tatt opp kodeeksempel på morgonmøter to gonger i veka. Barneklinikken har både tatt opp kodeutfordringar på morgonmøter og hatt ein-til-ein samtalar med kodesettarar.


Rapportane for de tertialvise tilleggskontrollane som seksjon for styringsdata gjennomfører blir sendt til dei respektive avdelingane som kan nytte dette til forbetring av kodepraksisen. Eventuelle indikasjonar på bevisst feilkoding blir dessutan tydeleg kommunisert til avdelingsleiinga.

## KOMMUNIKASJON FRÅ LEIINGA


Det blei fortalt i intervjuet at hovudbodskapen frå leiinga når det gjelder kodepraksis er at kodinga skal være medisinsk korrekt. Denne bodskapen blei bekrefta mottatt blant alle stillingsgruppene som blei intervjuet.

For å kartlegge signala som sendes frå leiinga er dei tilsette bedt om å vurdere ein rekke påstandar om HF-leiinga og avdelingsleiinga. Resultata visast i Figur 8 og Figur 9. Det går fram at det stort sett er høy tillitt til leiinga, spesielt på avdelingsnivå. Likevel kjem det fram usikkerheit rundt kva for kjennskap leiinga har til dei tilsette sin kunnskap. Resultata er jamt over gode, men svakare enn landsgjennomsnittet. Det er færre "Vet ikke" på desse spørsmåla ved Helse Bergen HF enn i landsgjennomsnittet.

**Figur 8 – Tone at the Top – HF-leiinga (1 = Helt uenig og 6 =Helt enig)**



**Figur 9 – Tone at the Top – avdelingsleiing (1 = Helt uenig og 6 =Helt enig)**




## BEVISST FEILKODING OG TRYGGLEIK VED VARSLING

